Fekk velkomsthelsing etter 32 år

18.11.2009

Kvinnheringen har i dag eit oppslag om at Kjell Ragnar Johansen på Husnes har fått velkomsthelsing frå ordførar og rådmann etter å ha budd i kommunen i 42 år. Men det stoppar ikkje der - Møyfrid Kristoffersen i Uskedalen (biletet) har tydelegvis fått den same helsinga etter å ha budd her i 32 år!. Det opplysar ho i eit lesarinnlegg der ho mellom anna skriv:

'Dette kunne vore hyggeleg, om det verkeleg var ei helsing til meg. Men eg er nok berre ein i massen som datamaskinane sender helsing til - viss dei flyttar på seg - og eg har flytt inn i kårhuset på garden. Eg er og har vore tilsett i kommune-organisasjonen også i ca. 10 år, så nei, helsinga var nok ikkje til meg.

Meininga mi med dette lesarinnlegget er å be kommunen om ikkje å bruke pengar på slikt. Etter det eg forstår er dette ei teneste via 'Postens Flyttehjelp' - og eg vil tur at det såleis også er ei utgift for kommunen. Dersom kommunen vel å halda fram med datahelsingane så må de enten retta teksten i brevet eller få posten til å legga ved det det som står i brevet skulle ligga ved - for det gjer det heller ikkje'.

Rådmann Trond Sætereng har denne kommentaren til helsinga til Johansen: - Ein glipp som eg håpar mottakaren tar med godt humør.
Han lovar betre kvalitetssikring over kven som skal få velkomsthelsinga.

(Foto: Ola Maatti Mathisen)